

**EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSAVGJERD nr. 2085/97/EF****av 6. oktober 1997****om skiping av eit program til støtte for bøker og lesing,  
medrekna omsetjing (Ariane) (\*)**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 128,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen<sup>(1)</sup>,med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet<sup>(2)</sup>,etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 B i traktaten<sup>(3)</sup>, på grunnlag av det felles framlegget frå Forliksutvalet av 28. mai 1997, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I informasjonsamfunnet er bøker og lesing framleis ein av dei mest eigna metodane for spreieing av kunnskap, og det må takast omsyn til komplementariteten mellom bøker, audiovisuell teknologi og multimedia.
- 2) Alle fellesskapsprogram som gjeld bøker, må ta omsyn til den doble funksjonen som bøker har ved at dei både er økonomiske og kulturelle føremål.
- 3) Fellesskapsprogram, særleg på området utdanning og kultur, kan medverke til å gjere lesing til ein viktig fritidsaktivitet.
- 4) Innanfor bokproduksjonen er det viktig å skilje mellom skriving, utgjeving, omsetjing og spreieing, og dette programmet (Ariane) kan sjåast som eit viktig kulturtiltak for å fremje bøker.
- 5) Traktaten overlèt til Fellesskapet oppgåva med å
  - medverke til at kulturane i medlemsstatane får utfalde seg, samstundes som det nasjonale og regionale mangfaldet vert respektert,

- oppmuntre til samarbeid mellom medlemsstatane og, om naudsynt, støtte og utfylle verksemda deira, særleg med omsyn til kunstnarleg og litterær utfolding,

- fremje samarbeidet med tredjestatar og internasjonale organisasjonar som arbeider med kultur, særleg Europarådet.

- 6) Fremjing av omsetjing og støtte til målretta tiltak som vert utførde i partnerskap, særleg mellom aktørar på området bøker og lesing i Europa, medverkar til å
  - betre kjennskapen til og spreieing av kulturen og historia til dei europeiske folka,
  - halde ved lag mangfaldet i den litterære utfoldinga og den litterære kulturarven slik dei kjem til uttrykk på dei ulike nasjonale og regionale språka,
  - fremje tverrkulturell utveksling og utveksling av fagkunnskap,

- og gjev borgarane — òg dei som er vanskelegstilte — betre tilgang til kulturen.

- 7) Det er naudsynt å medverke til å styrkje omsetjingsarbeid av høg kvalitet og å fremje litterære verk innanfor Fellesskapet, særleg gjennom vidareutdanning av litterære omsetjarar og av andre fagfolk i boksektoren, særleg dei som har ansvaret for å betre tilgangen til slike verk for europeiske borgarar.

- 8) Europeiske litteratur- og omsetjingsprisar kan medverke til å spreie litterære verk av høg kvalitet.

- 9) Fellesskapsinstitusjonane har sannkjent at det er viktig med kjennskap til og spreieing av litterære verk, særleg ved hjelp av omsetjing, slik det går fram av
  - europaparlamentsresolusjon av 10. juli 1987 om kommisjonsmeldinga til Rådet om den europeiske dimensjonen med omsyn til bøker<sup>(4)</sup>,
  - resolusjonen av 9. november 1987 vedteken av Rådet og kulturministrane samla i Rådet om å fremje omsetjing av viktige verk frå den europeiske kulturen<sup>(5)</sup>,

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 291, 24.10.1997, s. 26, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 89/1999 av 25. juni 1999 om endring av EØS-avtalens protokoll 31 om samarbeid på særlege områder utenfor de fire friheter, se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF C 324 av 22.11.1994, s. 11, og TEF C 279 av 25.10.1995, s. 7.

(2) TEF C 100 av 2.4.1996, s. 35.

(3) Europaparlamentsfråsegn av 7. april 1995 (TEF C 109 av 1.5.1995, s. 289), felles haldning frå Rådet av 27. juni 1996 (TEF C 264 av 11.9.1996, s. 34) og europaparlamentsavgjerd av 22. oktober 1996 (TEF C 347 av 18.11.1996, s. 25). Europaparlamentsavgjerd av 17. juli 1997. Rådsavgjerd av 24. juli 1997.

(4) TEF C 246 av 14.9.1987, s. 136.

(5) TEF C 309 av 19.11.1987, s. 3.

- resolusjonen av 18. mai 1989 vedteken av Rådet og kulturministrane samla i Rådet om å fremje bøker og lesing<sup>(1)</sup>,
- kommisjonsmeldinga av 3. august 1989 om bøker og lesing – ei kulturell utfordring for Europa,
- konklusjonane av 12. november 1992 vedtekne av kulturministrane samla i Rådet om retningslinjer for kulturelle tiltak i Fællesskapet<sup>(2)</sup>,
- europaparlamentsresolusjon av 21. januar 1993 om å fremje lesing og bøker i Europa<sup>(3)</sup>,
- resolusjonen av 17. mai 1993 vedteken av Rådet og kulturministrane samla i Rådet om å fremje omsetjing av europeisk samtidsdramatikk<sup>(4)</sup>.

- 10) Det bør takast omsyn til verknadene av den europeiske kampanjen for å auke medvitet om bøker og lesing (1993–1994), som vart skipa til av Fællesskapet og Europarådet.
- 11) I kommisjonsmeldinga av 27. juli 1994 om tiltak i Det europeiske fællesskapet for å fremje kultur, der bøker og lesing er gjort til eit prioritert område, er det fastsett ei ramme for oppmuntrande tiltak for å støtte og utfylle innsatsen til medlemsstatane, samstundes som nærleiksprinsippet vert etterlevd.
- 12) Det er viktig at Fællesskapet set i verk kulturprosjekt med tredjestatar både i og utanfor Europa, og går inn i europeisk kultursamarbeid med Europarådet og andre internasjonale organ som arbeider med kultur, t.d. Organisasjonen til Dei sameinte nasjonane for utdanning, vitskap og kultur (UNESCO).
- 13) I denne avgjerda er det for heile det tidsrommet programmet varer, fastsett ei finansiell ramme som i medhald av punkt 1 i fråsegna frå Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen av 6. mars 1995 er det viktigaste referansegrunnlaget for budsjetstyresmakta ved den årlege budsjetthandsaminga.
- 14) Det kom 20. desember 1994 i stand ein *modus vivendi* mellom Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen om gjennomføringstiltaka for rettsakter som er vedtekne etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 B i traktaten<sup>(5)</sup> —

TEKE DENNE AVGJERDA:

#### Artikkel 1

Ved denne avgjerda vert handlingsprogrammet Ariane, som er fastlagt i vedlegget, heretter kalla «programmet», vedteke for tidsrommet 1. januar 1997–31. desember 1998. Føremålet med programmet er å betre kjennskapen til og spreinga av litterære verk og historia til dei europeiske folka, og å gjere dette tilgjengeleg for dei europeiske borgarane, særleg ved å fremje omsetjing av litterære verk, skodespel og oppslagsverk, ved å støtte samarbeidsprosjekt om bøker og lesing som vert utførde i partnerskap, og gjennom vidareutdanning av fagfolk som arbeider på dette området.

#### Artikkel 2

Programmet skal oppmuntre til kultursamarbeid mellom medlemsstatane på europeisk plan. Det skal støtte og utfylle tiltaka deira i samsvar med nærleiksprinsippet ved å medverke til at kulturane deira får utfalde seg, samstundes som det nasjonale og regionale mangfaldet vert respektert.

For å oppnå dette skal programmet ha følgjande mål:

- a) gjennom omsetjing, oppmuntre til
  - ei vidare spreing av litterære verk av høg kvalitet frå det tjuande hundreåret som er representative for kulturen i medlemsstaten som dei kjem frå, og som særleg illustrerer tendensar innanfor den europeiske samtidslitteraturen frå andre halvdelen av dette hundreåret. I denne samanhengen vil omsetjingar av verk som er skrivne på mindre utbreidde språk i Den europeiske unionen, og omsetjingar til desse språka, verte prioriterte,
  - spreing av samtidsdramatikk for å leggje fram for den europeiske ålmenta eit variert utval som er representativt for kulturane i medlemsstatane,
  - spreing av oppslagsverk for å betre kjennskapen til kulturen og historia til dei europeiske folka, særleg på dei områda som er nemnde i artikkel 128 nr. 2 og 4 i traktaten,
- b) gjennom støtte til samarbeidsprosjekt som vert utførde i partnerskap, oppmuntre til
  - utveksling av røynsler og fagkunnskap mellom fagfolk på europeisk plan om tema som er av felles interesse innanfor boksektoren,
  - utvikling av partnerskapsinitiativ med sikte på å lette tilgangen til data i samband med spreing av bøker, og til fremjing av lesing og tilgang til litteratur blant borgarane,
- c) oppmuntre til omsetjing av høg kvalitet og fremjing av litterære verk ved å gje fællesskapsstøtte til etter-

<sup>(1)</sup> TEF C 183 av 20.7.1989, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF C 336 av 19.12.1992, s. 1.

<sup>(3)</sup> TEF C 42 av 15.2.1993, s. 182.

<sup>(4)</sup> TEF C 160 av 12.6.1993, s. 1.

<sup>(5)</sup> TEF C 102 av 4.4.1996, s. 1.

utdanning av litterære omsetjarar og andre fagfolk i boksektoren, særleg dei som har ansvaret for å betre den tilgangen som borgarane har til slike verk,

- d) støtte og utfylle dei tiltaka som er nemnde i bokstav a), b) og c), ved å gje støtte til nyskapande granskings- og forskingsprosjekt som vert lagde fram av nettverk og bransjeorganisasjonar.

#### *Artikkel 3*

Dei tiltaka som er oppførde i vedlegget, skal gjerast med sikte på å verkeleggjere dei måla som er fastsette i artikkel 2. Dei skal gjennomførast i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 5.

#### *Artikkel 4*

1. Dei assosierte statane i Sentral- og Aust-Europa (ASSAE) kan ta del i programmet på dei vilkåra som er fastlagde i dei tilleggsprotokollane til assosieringsavtalene som gjeld deltaking i fellesskapsprogram, og som er inngått eller skal inngåast med desse statane. Kypros og Malta kan ta del i programmet, og programmet skal vere ope for samarbeid med andre tredjestatar som har inngått assosierings- eller samarbeidsavtaler som inneheld klausular om kultur, på grunnlag av tilleggslovingar som skal tildelast i samsvar med dei framgangsmåtane som skal avtalast med desse statane. I tiltak 6 i vedlegget er det fastsett visse nærmare reglar for slik deltaking.

2. Fellesskapet og medlemsstatane skal fremje samarbeidet med Europarådet og med andre internasjonale organisasjonar som arbeider med kultur (t.d. UNESCO), ved å sikre at dei verkemidla som vert tekne i bruk, utfyller kvarandre, samstundes som det vert teke omsyn til eigenarten og handlefridommen til dei einskilde institusjonane og organisasjonane.

#### *Artikkel 5*

1. Kommisjonen skal gjennomføre dette programmet i samsvar med denne avgjerda.

2. Kommisjonen skal få hjelp av eit utval som er samansett av to representantar for kvar medlemsstat og vert leidd av representanten for Kommisjonen. Medlemmene i utvalet kan få hjelp av sakkunnige eller rådgjevarar.

3. Representanten for Kommisjonen skal leggje fram for utvalet eit utkast til tiltak med omsyn til

- dei overordna prioriteringane og retningslinjene for dei tiltaka som er oppførde i vedlegget, og for det årlege programmet som følgjer av dei,
- den allmenne jamvekta mellom alle tiltaka,

- reglane og kriteria for utveljing av dei ulike prosjektypane som er oppførde i vedlegget (tiltak 1, 2, 3, 4 og 6),
- den finansielle støtta som Fellesskapet skal yte (sum, tidsrom, fordeling og mottakarar),
- nærmare reglar for overvaking og vurdering av dette programmet, saman med konklusjonane frå den vurderingsrapporten som er fastsett i artikkel 8, og alle andre tiltak for tilpassing av dette programmet som vert gjorde på grunnlag av vurderingsrapporten.

Utvalet skal kome med ei fråsegn om dei utkasta til tiltak som er nemnde i første strekpunktet, innan ein frist som leiaren kan fastsetje etter kor mykje saka hastar. Fråsegna skal gjevast med det fleirtalet som er fastsett i artikkel 148 nr. 2 i traktaten for avgjerder som Rådet skal ta etter framlegg frå Kommisjonen. Ved røysting i utvalet skal røystene til representantane for medlemsstatane ha den vekta som er fastsett i den førnemnde artikkelen. Leiaren skal ikkje røyste.

Kommisjonen skal vedta tiltak som skal setjast i verk straks. Dersom tiltaka ikkje er i samsvar med fråsegna frå utvalet, skal Kommisjonen straks gje Rådet melding om dei.

I slike høve

- a) kan Kommisjonen utsetje iverksetjinga av dei tiltaka som han har vedteke, i to månader rekna frå den dagen meldinga vart gjeven,
- b) kan Rådet med kvalifisert fleirtal ta ei anna avgjerd innan den fristen som er fastsett i bokstav a).

4. Kommisjonen kan rådspørje utvalet i alle andre saker som gjeld gjennomføringa av programmet, enn dei som er nemnde i nr. 3.

Representanten for Kommisjonen skal leggje fram for utvalet eit utkast til tiltak som skal gjerast.

Utvalet skal kome med ei fråsegn om utkastet, om naudsynt ved røysting, innan ein frist som leiaren kan fastsetje etter kor mykje saka hastar.

Fråsegna skal protokollførast; i tillegg skal kvar medlemsstat ha rett til å be om å få standpunktet sitt protokollført.

Kommisjonen skal ta mest mogleg omsyn til fråsegna frå utvalet. Kommisjonen skal melde frå til utvalet om korleis han har teke omsyn til fråsegna.

#### *Artikkel 6*

1. Den finansielle ramma for gjennomføringa av dette programmet er 7 millionar ECU for det tidsrommet som er nemnt i artikkel 1.

2. Dei årlege løyvingane skal godkjennast av budsjettstyresmakta innanfor ramma av dei finansielle overslaga.

#### *Artikkel 7*

Kommisjonen skal i samarbeid med medlemsstatane syte for at det er komplementaritet mellom dei tiltaka som er fastsette i dette programmet, og dei andre kulturprogramma, t.d. Kaleidoskop<sup>(1)</sup> og Rafael på den eine sida og fellesskapsprogramma for utdanning, t.d. Sokrates<sup>(2)</sup>, og for opplæring, t.d. Leonardo da Vinci<sup>(3)</sup> på den andre.

#### *Artikkel 8*

Eitt år etter iverksetjinga av dette programmet og innan seks månader etter at dette tidsrommet har gått ut, skal Kommisjonen, etter å ha rådspurt utvalet, leggje fram for Europaparlamentet og Rådet ein detaljert vurderingsrapport om dei resultatata som er oppnådde, eventuelt saman med høvelege framlegg, m.a. om programmet bør halde fram og på kva måte, slik at Europaparlamentet og Rådet kan ta ei avgjerd før det tidsrommet som dette programmet gjeld for, går ut. Rapporten skal leggje vekt på den tilleggsverdien som er skapt, særleg på kulturområdet — medrekna den verknaden som programmet har hatt for spreieing av litteratur på dei mindre utbreidde språka — og på dei sosio-økonomiske verknadene av den finansielle støtta frå Fellesskapet. Rapporten er meint å skulle gje ei kvalitativ og kvantitativ vurdering av om programmet har nådd dei måla som er nemnde i artikkel 2. I lys av den vurderingsrapporten som er nemnd i førre leddet, og av dei framlegga som skal gjerast av Kommisjonen, vil Europaparlamentet og Rådet vurdere om det

er mogleg å vedta eit nytt program, som vert utarbeidd og utvikla samstundes som det fullt ut vert teke omsyn til dei gode røynslene frå dette programmet.

I denne samanhengen kan dei om naudsynt gjere dei tiltaka som høver for å unngå at dette programmet vert avbrote.

#### *Artikkel 9*

Dette programmet, som inneheld praktiske opplysningar om framgangsmåte, kontaktstyresmaktene som er peika ut av medlemsstatane til å gje fagleg støtte til kulturprosjekt, fristar for innlevering av søknader og av dokumentasjon som må leggjast ved søknadene, skal kvart år offentleggjerast i C-serien av Tidend for Dei europeiske fellesskapa.

#### *Artikkel 10*

Denne avgjerda tek til å gjelde den dagen ho vert kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utferda i Brussel, 6. oktober 1997.

*For Europaparlamentet*

J.M. GIL-ROBLES

*President*

*For Rådet*

J. POOS

*Formann*

(1) TEF L 99 av 20.4.1996, s. 20.

(2) TEF L 87 av 20.4.1995, s. 10.

(3) TEF L 340 av 29.12.1994, s. 8.

## VEDLEGG

## ARIANE-PROGRAMMET

Tiltaka i dette programmet tek sikte på å auke kjennskapen til og spreinga av litteraturen og historia til dei europeiske folka, og å gje dei europeiske borgarane tilgang til desse, særleg ved å støtte omsetjing av litterære verk, skodespel og oppslagsverk, ved å støtte samarbeidsprosjekt om bøker og lesing som vert utførde i partnerskap, og ved å betre vidareutdanninga av fagfolk som arbeider på dette området.

## TILTAK 1

## Støtte til omsetjing

1. Støtte til omsetjing av litterære verk av høg kvalitet frå det tjuande hundreåret, med sikte på å sikre ei vidare spreiking gjennom utgjeving.

- a) Det vert gjevne støtte til omsetjing av litterære verk av høg kvalitet frå det tjuande hundreåret (romanar, noveller, essay, litteraturhistorie, biografiar, skodespel og lyrikk) som er representative for kulturen i medlemsstaten som dei kjem frå, og som særleg illustrerer tendensar innanfor den europeiske samtidslitteraturen frå andre halvdelene av dette hundreåret, og som burde vere av interesse for ein stor del av den europeiske ålmenta.
- b) i) For å kunne får støtte må verket alt ha vore omsett og utgjeve på to av språka i Den europeiske unionen (i tillegg til originalspråket). Støtta skal subsidiere omsetjing til minst eitt anna språk i Den europeiske unionen, og omsetjingar til mindre utbreidde språk i Den europeiske unionen vil verte prioriterte.  
ii) For å prioritere mindre utbreidde språk i Den europeiske unionen kan verk som er skrivne på desse språka, likevel gjevast omsetjingsstøtte utan at dei har vore omsette til andre språk i Den europeiske unionen tidlegare. Støtta er meint for omsetjing til eit anna språk i Den europeiske unionen. Desse føresegnene gjeld òg for verk som er
  - skrivne på eit utbreidd språk, men gjevne ut i ein geografisk sett liten medlemsstat,
  - skrivne på andre av språka i medlemsstatane.
- c) Søknader frå små, uavhengige forlag bør prioriterast.
- d) Søknader om støtte må sendast til Kommissjonen av éin eller fleire forleggjarar som høyrer heime i ein medlemsstat. Søknaden som forleggjaren eller forleggjarane sender inn, må innehalde avtala med omsetjaren eller omsetjarane. Støtta kan dekkje inntil 100 % av honoraret til omsetjaren, som er forhandla fram i samsvar med vanleg marknadspraksis. Forleggjaren må syte for at namnet på omsetjaren og tilskotet frå Fellesskapet kjem klart fram.

Forleggjarane må dokumentere at dei har rettane til utgjeving og/eller omsetjing av det verket som det vert søkt om støtte til, og at dei utan støtte frå Fellesskapet ikkje ville ha gjort ei forretningsmessig vurdering til beste for å gje ut det aktuelle omsette verket.

- e) Verka som kan gjevast støtte, skal veljast ut to gongar i året.
2. Støtte til omsetjing av skodespel med sikte på ei betre spreiking gjennom offentleg framsyning.

Det vert gjevne støtte til omsetjing til to språk i Den europeiske unionen av skodespel som alt har vore framførde på ei scene eller kringkasta i eit audiovisuelt medium, og som alt har motteke ein viss grad av fagning frå kritikarar og publikum.

Nyare verk frå det tjuande hundreåret vil verte prioriterte.

Det leggjast fram konkrete planar om offentleg framsyning av verk som det er gjort framlegg om å omsetje.

Den første søknaden må sendast inn av teatersjefar, regissørar eller produsentar frå ein medlemsstat som ønskjer å lage ei offentleg framsyning av skodespelet. Søknaden må sendast samstundes både til Kommisjonen og til dei kontaktstyresmaktene som er peika ut av medlemsstatane, og desse skal uttale seg om korleis dei aktuelle verka skal prioriterast.

Den endelege utveljinga av verk som skal omsetjast, vert først og fremst gjort på grunnlag av kvaliteten til dei verka som det er gjort framlegg om. Når det gjeld val av språk som verket skal omsetjast til, vil det rette organet syte for at det vert jamvekt mellom omsetjingar til utbreidde språk og omsetjingar til mindre utbreidde språk, slik at verka lettare kan nå fram til eit stort og mangfaldig publikum.

Tilskotet vert gjeve i form av omsetjingsstøtte på opptil 3 500 ECU, og denne summen kan justerast årleg. Støtta har ingen innverknad på eventuelle royalties som forfattaren eller omsetjaren kan ha krav på i samband med framføring, spreieing eller utgjeving av det omsette verket.

Kontaktstyresmaktene skal fungere som depositarar for omsetjingar som vert fullførde med støtte frå Fellesskapet, og skal sikre at dei som har faglege interesser i saka, får dei opplysningane som dei treng. Omsetjingane kan overførast berre til personar eller organ som har inngått avtale med innehavarane av rettane i samsvar med gjeldande nasjonale reglar.

3. Støtte til omsetjing av oppslagsverk og faglitterære granskingar for å betre spreieinga av informasjon på kulturområdet.

Støtte til omsetjing av oppslagsverk og faglitterære granskingar til to språk i Den europeiske unionen er meint å skulle

- betre kjennskapen til og spreieinga av kulturen og historia til dei europeiske folka,
- gjere det enklare å utveksle informasjon og røynsler, og såleis fremje samarbeidet mellom medlemsstatane på dei områda som er nemnde i artikkel 128 i traktaten, særleg dei områda som Fellesskapet har prioritert innanfor kulturpolitikken sin.

Ettersom dette tiltaket er tenkt å skulle dekkje eit svært stort område, vil støtta til omsetjing av oppslagsverk (historie, kunsthistorie, humanistiske og samfunnsvitskaplege fag) i det minste i byrjinga ha form av å vere eit eksperimentelt og selektivt tiltak.

Det vert òg gjeve støtte til omsetjing av granskingar og rapportar som handlar om praksis og ordningar som finst på kulturområdet i andre medlemsstatar, slik at det vert mogleg å klarleggje problem som er av felles interesse, særleg dei som høyrer inn under verkeområdet til artikkel 128 nr. 2 og 4 i traktaten.

Dei opplysningane som er naudsynte for å avgjere korleis det verket eller den granskinga som skal omsetjast, vil medverke til å betre kjennskapen til det aktuelle området, skal leggjast ved søknaden, saman med opplysningar om målspråka og den skriftlege avtala med forfattaren og omsetjaren.

Framlegg til verk som bør omsetjast, bør sendast direkte til Kommisjonen eller gjerast gjennom dei rette styresmaktene i medlemsstatane. Verka kan setjast om til så mange språk som synest naudsynt.

Tilskotet frå Kommisjonen, som vert gjeve etter at den skriftlege avtala med omsetjaren er inngått, kan tildelast på ein av to følgjande måtar, alt etter opphavet til verket:

- dersom det verket som det er gjort framlegg om å omsetje, er lagt fram av ein forleggjar som har nytta ein medlemsstat som mellomledd, og som ønskjer å marknadsføre verket på

den europeiske marknaden, vert fellesskapsstøtta gjeven på dei same vilkåra som dei som er fastsette for støtte til omsetjing av litterære samtidsverk (nr. 1),

- dersom det verket som det er gjort framlegg om å omsetje med medlemsstaten som mellomledd, ikkje er meint for kommersiell utnytting (t.d. dersom det skal setjast om på vegner av eit universitet, forskingssenter eller faginstitut), vert fellesskapsstøtta gjeven som eit stipend som skal gjere det mogleg for omsetjarane å utføre arbeidet på dei same vilkåra som dei som er fastsette for omsetjing av skodespel (nr. 2).

Kommisjonen vil kvart år sende ut ei liste med opplysningar om kva verk som er omsette i samsvar med føresegnene i nr. 1, 2 og 3.

Dei midlane som vert sette av til dette tiltaket, vil utgjere 50 % av det samla budsjettet som er tildelt dette programmet. Den nærmare fordelinga mellom dei seks tiltaka i programmet skal gjerast i samsvar med dei framgangsmåtane som er fastsette i artikkel 5 nr. 4.

## TILTAK 2

### **Støtte til samarbeidsprosjekt som vert utførde i partnerskap, og som har som mål å fremje og gje borgarane betre tilgang til bøker og lesing**

Det kan gjevast støtte til samarbeidsprosjekt med partnarar frå minst tre medlemsstatar; prosjekta må leggast fram av nettverk, samanslutningar eller bransjeforeiningar (t.d. av forfattarar, omsetjarar, bibliotek, små og mellomstore forlag, bokhandlarar), ideelle stiftingar som arbeider med bøker, eller regionale (eller lokale) grupper som har utarbeidd særlege tiltak eller program på dette området.

Samarbeidsprosjekt med andre aktørar enn dei som er nemnde i første leddet, kan ikkje gjevast støtte innan ramma av dette tiltaket.

Samarbeidsprosjekt som kan gjevast støtte, omfattar alle initiativ som inneber eit partnerskap mellom dei aktørane som er nemnde i første leddet (møte, symposium, tilskipingar og forsøksordningar for samarbeid eller utveksling), og som særleg har som mål å fremje

- a) innbyrdes kjennskap og tilgang til litteraturen eller historia til dei europeiske folka,
- b) utvikling av partnerskapinitiativ som tek sikte på å lette
  - tilgangen til data som gjeld spreieing av bøker, t.d. ved å skipe ein database med opplysningar om dei bøkene som finst tilgjengelege på marknaden, og om forlag og deira spesialområde, med sikte på å fremje samproduksjon og sams utgjeving av europeiske verk,
  - fremjinga av bøker,
  - omsetjinga av bøker, medrekna høvet til å skipe ein semantikkdatabase (med semantiske problem og særeigenskapar) for fagomsetjarar og litterære omsetjarar,
  - tilgangen til litteratur blant borgarane,
- c) utveksling av røynsler og fagkunnskap i samband med tema som er av felles interesse for fagfolk på europeisk plan.

Partnerskapsprosjekt som vert lagde fram innan ramma av dette tiltaket, må vere av europeisk interesse og av ei nyskapande eller føredømeleg art. Det må påvisast at fellesskapsstøtte til prosjektet vil gje ein reell tilleggsverdi.

Prosjekt som omfattar tiltak for å spreie dei resultatane som vert oppnådde, kan få tilleggsstøtte.

Fellesskapsfinansieringa skal ikkje omfatte

- tiltak eller tilskipingar som er omfatta av andre fellesskapsprogram (på området kino og fjernsyn (MEDIA II)<sup>(1)</sup>, kulturarven (Rafael) og kunstnarleg og kulturell verksemd (Kaleidoskop),
- kulturelle samarbeidsprosjekt frå ulike regionar i den same medlemsstaten eller av ei rein nasjonal eller tosidig art,
- utarbeiding av materiale og publikasjonar for kommersielle føremål; monografiar, samlingar, tidsskrift, plater, CD-ar, videoar, CD-I og CD-ROM som høyrer med som ein del av prosjektet, skal likevel vurderast,
- investerings- eller driftskostnader for kulturorganisasjonar som ikkje utgjer ein del av det aktuelle prosjektet.

Uavhengige sakkunnige som er oppnemnde av Kommisjonen etter framlegg frå medlemsstatane, vil på grunnlag av prosjektrapporten som vert lagd fram av dei som er ansvarlege for prosjektet, vurdere om fellesskapsstøtta skal først vidare frå år til år. Dei uavhengige sakkunnige kan gjere framlegg om endringar i prosjektet.

Det må leggast fram ein balansert finansieringsplan for prosjekta som syner kva finansieringsmidlar som er naudsynte for å verkeleggjere dei framlagde tiltaka. Det finansielle tilskotet til eit prosjekt innan ramma av dette tiltaket kan vanlegvis ikkje overstige 25 % av dei samla prosjektkostnadene, og kan ikkje i noko tilfelle overstige 50 000 ECU. Prosjekt som òg har som mål å spreie resultatet til ålmenta eller til fagfolk, kan få ytterlegare fellesskapsstøtte på opptil 50 % av dei kostnadene som svarar til denne delen av prosjektet, men støtta må ikkje overstige 20 000 ECU.

Prosjekt der fellesskapsstøtta vil vere under 5 000 ECU skal i prinsippet ikkje kunne gjevast støtte under dette programmet innan ramma av dette tiltaket.

Det skal sendast inn ein eigen søknad til Fellesskapet for kvart prosjekt. Søknaden skal innehalde

- ei detaljert utgreiing om dei planlagde tiltaka, der det særleg vert gjort greie for kva tilleggsverdi dei har på fellesskapsplan,
- eit detaljert budsjettoverslag for tiltaka.

### TILTAK 3

#### **Vidareutdanning av fagfolk som arbeider for å fremje kjennskapen til og spreinga av europeisk litteratur**

Fellesskapet vil utfylle innsatsen til dei rette styresmaktene i medlemsstatane ved å syte for særskild støtte til vidareutdanning av fagfolk, særleg litterære omsetjarar, for å medverke til å betre kvaliteten på omsette verk, og av andre fagfolk som arbeider med bøker og lesing på område som høyrer inn under tiltak 2, for å medverke til å fremje dei ulike kulturane i medlemsstatane og tilgangen til desse blant borgarane.

Fellesskapsstøtta skal gjevast i form av stipend og tilskot for å dekkje utgifter til reiser og vidareutdanningskurs.

Stipend og andre former for støtte frå Fellesskapet som vert gjevne innan ramma av dette tiltaket, vert tildelte til utdanningsprosjekt som vert lagde fram av nettverk, organisasjonar, foreiningar, stiftingar, spesialiserte utdanningsinstitusjonar og faginstittutt (særleg t.d. biblioteknettverk, omsetjingshøgskolar osv.) etter samråd med dei rette styresmaktene i medlemsstatane.

<sup>(1)</sup> TEF L 321 av 30.12.1995, s. 25.



**TILTAK 4****Støttetiltak****A. Særskilte tiltak**

1. For å betre kultursamarbeidet på området bøker og lesing kan det i særlege og avgrensa tilfelle gjevast støtte til prosjekt som omfattar møte som vert haldne på europeisk plan, eller til granskingar og forskning på det området som dette programmet omfattar, på det vilkåret at desse møta og granskingane ikkje alt har motteke fellesskapsstøtte innan ramma av dette programmet.
  2. Søknadene må innehalde dei økonomiske garantiane som krevst for å gjennomføre prosjekta. Fellesskapstilskotet innan ramma av dette tiltaket kan ikkje i noko tilfelle overstige 50 % av dei samla kostnadene i samband med møtet eller granskinga, eller overstige 50 000 ECU.
- B. Kommisjonen vil, i samarbeid med kontaktstyresmaktene, gjere dei tiltaka som er naudsynte for å offentleggjere og spreie opplysningar om dette programmet, slik at aktørane og nettverka på kulturområdet får opplysningar om tiltak som er av interesse for dei, og vert gjort merksame på desse.

**TILTAK 5****Aristeion-prisane, samverknad med omsetjingsstøtta**

Fellesskapet gjev kvart år eit tilskot til Aristeion-prisane (Den europeiske litteraturprisen og Den europeiske omsetjingsprisen).

Dei seks verka som vert nominerte til Den europeiske litteraturprisen, har automatisk rett til å få støtte til å dekkje kostnadene i samband med omsetjing til minst to andre språk, på dei same vilkåra som dei som gjeld for støtte til omsetjing av litterære verk (tiltak 1 nr. 1 bokstav a)), og på det vilkåret at ein forleggjar sender inn søknad om dette direkte til Kommisjonen.

**TILTAK 6****Deltaking av tredjestatar**

Dei tredjestatane som er nemnde i artikkel 4, tek del i programmet i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i den nemnde artikkelen. Deltakinga eller samarbeidet skal ta omsyn til desse måla:

- større spreieing av litteraturen til medlemsstatane i dei aktuelle tredjestatane, og betre kjennskap til litteraturen til dei aktuelle tredjestatane i medlemsstatane,
  - fremjing av tiltak for å betre vidareutdanninga av fagfolk som arbeider for å betre den innbyrdes kjennskapet til og spreieinga av europeisk litteratur, særleg litterære omsetjarar og omsetjarar av dei verka som er nemnde i tiltak 1 nr. 2 og 3, og av andre fagfolk på området bøker og lesing,
  - betre samverknad med sikte på å fremje prosjekt som vert lagde fram av bransjeorganisasjonar for forfattarar og omsetjarar, bibliotek, små og mellomstore forlag, bokhandlarar og ideelle foreiningar og stiftingar som arbeider med bøker og litteratur.
-

**Fråsegn frå Kommisjonen***Om artikkel 5 (utvalsframgangsmåte)*

I samsvar med tverrinstitusjonelle framgangsmåtar og avtaler skal Kommisjonen, med omsyn til den finansielle støtta som skal ytast av Fellesskapet, melde frå til det utvalet som er oppnemnt i medhald av avgjerda om Ariane, om dei prosjekta som han har planar om å finansiere innan ramma av denne avgjerda.

---

**Fråsegn frå Europaparlamentet***Om artikkel 5 (utvalsframgangsmåte)*

Europaparlamentet, som stadfestar at artikkel 5 nr. 3 i Ariane-programmet ikkje gjev utvalet høve til å ta avgjerder når det gjeld val av einsskilte prosjekt, har ikkje noko imot at utvalet vert informert om alle dei prosjekta som Kommisjonen har planar om å finansiere.

Parlamentet ønskjer å få oversendt dei same opplysningane frå Kommisjonen.

---